

Tabellen gir ei oversikt over dei dokumenta som har kome inn frå Førde kommune til høyringa. Dei ligg på **j-post 15/8801-46 og har i all hovudsak fått kortnamn som vedlegg 1, vedlegg 2 osv.** Øvst ligg oversendingsbrev frå 02.11.2018. Deretter kjem 1. gongs handsaming – politisk handsaming for utlegging til offentleg ettersyn. Vidare Vedlegg nummer 1, 2, 3, osv. Mot slutten 4 ulike plankart og til slutt Skjøtselsplan for Løken. I tabellen vil eg setje opp namn for dei ulike vedlegga og for nokre litt kva dei handlar om, slik at det går an å få oversikta over sakstilfanget.

| Dokument | Skildring |
|------------|---|
| Dokument | 1. gongs handsaming – politisk handsaming for utlegging til offentleg ettersyn i planutvalet i møte 26.10.2018. Kan nyttast som ei oversikt over arbeidet som er gjort, og kva vurderingar og val som er gjort i planarbeidet. |
| Vedlegg 1 | Plankart alternativ 1. Dagsett 06.07.2018. NB! Utdatert versjon. Bruk tilsvarande kart nedst i lista her då det på det kartet er sett opp seinare revisjonsdato. |
| Vedlegg 2 | Flyfoto med plan- og formålsavrikk for alternativ 1. NB! Utdatert versjon. Bruk tilsvarande kart nedst i lista her då det på det kartet er sett opp seinare revisjonsdato. |
| Vedlegg 3 | Plankart alternativ 2. Dagsett 06.07.2018. NB! Utdatert versjon. Bruk tilsvarande kart nedst i lista her då det på det kartet er sett opp seinare revisjonsdato. |
| Vedlegg 4 | Flyfoto med plan- og formålsavrikk for alternativ 2. NB! Utdatert versjon. Bruk tilsvarande kart nedst i lista her då det på det kartet er sett opp seinare revisjonsdato. |
| Vedlegg 5 | Føresegner. Denne versjonen er dagsett 03.10. Eg går ut frå at dette er den versjonen me skal leggje til grunn. |
| Vedlegg 6 | Planomtale. |
| Vedlegg 7 | Oversikt over endringar som er gjort av Førde kommune i planframlegget frå Multiconsult. |
| Vedlegg 8 | Føresegner. Dagsett 28.09, sjå over i tabellen om vedlegg 5. |
| Vedlegg 9 | Endå ein versjon av plankart alternativ 1. |
| Vedlegg 10 | Endå ein versjon av plankart alternativ 2. |
| Vedlegg 11 | Konsekvensutgreiing. Merk: Det er ikkje gjort konsekvensutgreiing for kva verknad for Førde sentrum ei etablering av kjøpesenter på Indre Øyrane kan ha. Det er laga eit notat, og temaet er omtalt under 8.2 «Kortfatta om verknader» i planomtalen. Men det som er her er drøfting, ikkje ei konsekvensvurdering basert på metodikk for KU. |
| Vedlegg 12 | ROS-analyse |
| Vedlegg 13 | Utkast til skjøtselsplan for Løken, Førde kommune. Miljøfaglig utredning. Notat 30.06.2018 |
| Vedlegg 14 | Notat – kjøpesenter. I samband med utarbeidinga av områderegeringsplan for Indre Øyrane er det utgreidd om den sørlege delen av planområdet kan nyttast til kjøpesenter. Dette notatet summerer opp tidlegare utarbeidde handelsanalysar som er relevante for Førde sentrum, og det vert gjort ein vurdering om etablering av kjøpesenter er eigna i planområdet. |
| Vedlegg 15 | Rapport – oppdatering av Aimsun-modell for dagens situasjon i Førde. År 2017. Multiconsult |
| Vedlegg 16 | Rapport – trafikkanalyse i Førde 2024 – basert på Aimsun. Multiconsult |
| Vedlegg 17 | Sogn og Fjordane fylkeskommune, NKA. Rapport frå kulturminneregistrering - Indre Øyrane i Førde. Rapport utført 05.09.2016 |
| Vedlegg 18 | Rapport om grunnundersøkingar - Indre Øyrane områderegering. Undersøkingane syner at djupna til berg er hovudsakleg større enn 25 m. Eit unntak er området ved Sjøhola der det er registrert berg i dagen, samt lausmassedjupne på mellom 7,1 og 21,8 m. |

| | |
|------------------------|--|
| Vedlegg 19 | Notat – vurderingar knytt til flaum-, stormflo- og overvatn. Multiconsult |
| Vedlegg 20 | <p>Notat frå Nordplan. Bestilt av SFFK.</p> <p>«Sogn og Fjordane fylkeskommune har sett i gang planlegging av nye Førde vidaregåande skule. Nordplan AS er engasjert som programmeringsarkitekt. Dette notatet er ei oppsummering av førebels arealvurderingar og overordna rammer som bør ligge til grunn i områdeplanen for å få til ein best mogeleg ny felles vidaregåande skule på Indre Øyrane.»</p> <p>«Programmeringsarbeidet skal danne grunnlag for endeleg arealbehov og ende opp med eit romprogram og funksjonsbeskrivelse....»</p> |
| Vedlegg 21 | Brev frå SFFK plan ved Marianne Bugge til Førde kommune, dagsett 20.06.2018. «Spørsmål vedrørende føresegner for handel i samband med områderegulering for Indre Øyrane». Diverse vurderingar knytt til kjøpesenter, handel og avgrensing av sentrum av Førde. |
| Vedlegg 22 | <p>Sak 15/1327. Innkomne merknader til planskisse av 24.05.2017 for Indre Øyrane. Brev sendt aktuelle partar med frist 01.08.17 og 14. 08.17 (dok. 168).</p> <p>Trur ikkje dette er knytt til merknader til formelle høyringar, men oppsummering av referat frå arbeidsmøter med ulike partar, inkludert bygg og utvikling her.</p> |
| Vedlegg 23 | E-post frå Dag Helge Setekleiv i Thon-gruppen til kommunen ved Holme og Strømsli. Dagsett 12.10.2018. Dette er frå før planen vart politisk handsama for offentleg ettersyn, og eg veit ikkje kva grunnlag / dokument dei referer til, det kan vere saksutgreiinga til møtet i planutvalet den 26.10. |
| Plankart alt 1 | Plankart. Alternativ 1. Dagsett 06.07.2018 og sist revidert 26.10.2018. Bruk denne versjonen i handsaminga! Skilnaden på dei to versjonane ligg etter det på ei vegføring i den handelsdelen sør for VGS. Veg SKV 7 går vest for BKB 6 i alternativ 1, i alternativ 2 går den aust for BKB 6. |
| Plankart alt 1 flyfoto | Flyfoto med oppdatert omriss etter revisjon 26.10.2018. Bruk denne versjonen i handsaminga! |
| Plankart alt 2 | Plankart. Alternativ 2. Dagsett 06.07.2018 og sist revidert 26.10.2018. Bruk denne versjonen i handsaminga! |
| Plankart alt 2 flyfoto | Flyfoto med oppdatert omriss etter revisjon 26.10.2018. Bruk denne versjonen i handsaminga! Skilnaden på dei to versjonane ligg etter det på ei vegføring i den handelsdelen sør for VGS. Veg SKV 7 går vest for BKB 6 i alternativ 1, i alternativ 2 går den aust for BKB 6. |
| Skjøtselsplan Øyrane | Utkast til skjøtselsplan for Løken, Førde kommune. Miljøfaglig utredning. Notat 30.06.2018. Eg klarer ikkje å sjå at dette skil seg ut frå vedlegg 13, dei ser identiske ut. |